

VEDTEKTER FOR KLEPP REKNESKAPSLAG SA

§1 Føretaksnamn og forretningsstad

Klepp Rekneskapslag SA er eit samvirkeføretak. Medlemmene hefter ikkje for laget si gjeld. Laget har kontor i Klepp kommune.

§2 Føremål

Føremålet for laget er rekneskapsføring, økonomisk rådgjeving og anna tenestyting som naturleg kan knyttast til dette.

Føretaket har til føremål å fremja medlemmene sine økonomiske interesser som kjøparar av tenester.

§3 Medlemmer

Medlemskap er ope for alle næringsdrivande føretak innan landbruk. Ein melder seg inn skriftleg. Styret kan fastsetja nærare retningsliner om medlemskap m.a. ut frå kapasitetsmessige omsyn. Det skal vera eit andelsinnskot i laget på kr 2000 pr medlem. Andelsinnskotet blir tilbakebetalt ved utmelding, men blir ikkje forrenta medan ein er medlem. Det skal vera medlemsregister over alle medlemmer i laget. Kvart medlemskap gir 2 stemmer på årsmøte.

Andre næringsdrivande kan få ført rekneskapsføring, og utført andre tenester ved kontoret dersom det er teneleg for ei meir rasjonell drift av laget.

§4 Kontingent

Styret fastset ein årleg grunnkontingent.

§5 Rekneskapsføring

Rekneskapslaget utfører arbeidet frå eit fast kontor. Medlemmene pliktar å gje nødvendige opplysningar for rekneskapsføringa på den måten og til den tid kontoret bed om det. Laget skal rettleia medlemmene i deira arbeid med noteringar o.l.

§6 Utmelding

Utmelding av laget skal skje skriftleg. Utmeldinga har verknad frå 3 månader etter skriftleg melding er sendt til laget. Den som melder seg ut har krav på

tilbakebetaling av andelsinnskot, men har ikkje krav på noko av lagseiga utover dette.

§7 Eksklusjon

Når eit medlem bryt vedtektene eller vedtak gjorde i samsvar med desse, kan styret påleggja han å betala vederlag for tap laget har hatt av dette. Styret kan stengja vedkomande ute frå laget. Det same gjeld for medlem som let vera å gje nødvendige opplysningar for rekneskapsføringa. Før styret tek avgjerd, skal medlemmet varslast og få høve til å uttala seg. Medlemmer kan anka avgjerda til årsmøtet. Utestengde medlemmer har ikkje krav på nokon del av lagseiga og misser retten til å få tilbake innbetalt kontingent og andelsinnskot.. Utestengd medlem kan etter søknad til styret takast opp på nytt.

§8 Disponering av årsresultat

Årsmøtet vedtar disponering av årsresultat etter forslag frå styret. Ein kan likevel ikkje vedta å disponera eit høgare beløp enn det Styret har gjort framlegg om, men innfor rammene til samvirkeloven kan årsmøtet gjera vedtak om:

1. Godskriving av laget sin egenkapital
2. Utbetaling til medlemmene etter omsetning med laget siste år

§9 Årsmøtet

Årsmøtet er øvste avgjerdsmyndighet i laget, og er ope for alle medlemmer. Styret kallar inn til årsmøte minst 14 dagar føreåt. Styreleiar styrer årsmøtet og har dobbelstemme når stemmetalet står likt. Styremedlemmer har stemmerett på årsmøtet, men ikkje når årsmelding og rekneskap vert behandla. Ordinært årsmøte vert halde innan utgangen av mars månad. Saman med innkallinga til årsmøte skal det liggja ved årsmelding, rekneskap, budsjett og opplysning om kven som er på val. Rekneskapsåret skal fylgja kalenderåret.

Årsmøtet skal ta for seg:

1. Val av to medlemmer til å skriva under møteprotokollen.
2. Årsmelding frå styret.
3. Godkjenning av rekneskap med forslag til disponering av resultat
4. Godkjenning av budsjett.
5. Fastsetjing av godtgjersle til styret.
6. Val av 1 styremedlem med personleg varamedlem.
7. Val av styreleiar.
8. Val av 2 revisorar og varamedlemmer/tilsetjing av revisor.
9. Val av 1 medlem for 3 år til valnemnd.
10. Andre saker som er nemnde i innkallinga.

Forslag som medlemmene vil ha opp på årsmøtet må vera komne til styret innan 15. januar.

Årsmeldinga skal innehalda alle opplysningar som er viktige for å vurdere verksemda og stoda i laget, og som ikkje går fram av rekneskapet. Dette gjeld og tilhøve som er oppstått etter utgangen av rekneskapsåret. Ekstraordinært årsmøte vert halde etter styrevedtak eller når minst 1/6 av medlemmene krev det for å behandla ei særskild sak.

§10 Ombodsplikt og val

Alle medlemmer pliktar å ta i mot val til tillitsverv i laget, men kan be seg fritaken like lenge som funksjonstida. Alle val er skriftlege, og særskilde for kvart verv, om ikkje årsmøtet fastset noko anna. Får ingen av dei føreslegne over halvparten av dei innleverte stemmene, blir det omval mellom dei to som har flest stemmer. Står stemmene då likt, blir valet avgjort med loddtrekning. Ingen kan veljast etter fylte 67 år. Ingen kan ha tillitsverv lenger enn 12 år i samanheng.

§11 Styret

Styret består av 3 medlemmer valde for 3 år. Ein er på val kvart år. Dagleg leiar er fast sekretær for styret, men har ikkje stemmerett. Styret vel kvart år nestleiar blant dei valde styremedlemmene.

Styret skal m.a.:

1. Forvalta lagsmidlane. For at det skal liggja føre gyldig vedtak om kjøp eller sal av fast eigedom må dette vera godkjent av årsmøtet.
2. Fastsetja instruks for dagleg leiar og arbeidet på kontoret.
3. Tilsetja og avsetja dagleg leiar..
4. Føra møtebok.
5. Gje årsmelding og rekneskap til årsmøtet og førebu andre saker som skal takast opp.

Styret held møte så ofte som styreleiar meiner det trengst, eller når 2 styremedlemmer krev det. Ved forfall skal eit styremedlem melda frå til laget så varamedlem kan innkallast. Skal eit vedtak vera gyldig, må minst 2 stemma for det. Det skal førast møtebok over styremøta, og denne skal underskrivast av alle frammøtte. Styret kan gje fullmakter.

§12 Dagleg leiar

Styreleiar og dagleg leiar forplikter laget med si underskrift. Dagleg arbeid ved kontoret står den daglege leiar for. Dagleg leiar skal vera autorisert rekneskapsførar.

§13 Tvist

Alle tvistar mellom laget og medlemmene skal avgjerast ved voldgift, der eit medlem er oppnemnt av rekneskapslaget, eitt av motparten, og med leiar av voldgiftsnemnda, som skal vera jurist, oppnemnd av Jæren Tingrett. Dersom ein av partane ikkje har oppnemnt sitt medlem innan 14 dagar etter at han har fått varsel, oppnemner leiaren eit medlem..

Krav om voldgift må vera kome til styret innan tre månader etter at medlemmet har fått kjennskap til det tilhøve som er bakgrunn for kravet.

§14 Teieplikt

Alle tillitsvalde har teieplikt om det dei under dette arbeidet får vita om medlemmene sin økonomi, driftstilhøve, omsetning osv. Rekneskapa kan likevel brukast i statistikkar og offentliggjerd utan namn, likevel ikkje slik at ein kan kjenna att det einskilde rekneskapet. Laget skal, dersom enkeltmedlemmer set fram krav om det, halda deira rekneskap utanom berekningane.

§15 Endringar i vedtektene

Endringar i vedtektene kan gjerast på årsmøtet, når innkallinga har opplyst kva endringa gjeld. Vedtak om vedtektsendring krev 2/3 av stemmene.

§16 Oppløysing

Årsmøtet kan vedta å oppløysa rekneskapslaget. Til gyldig vedtak om oppløysing krevst det 2/3 fleirtal av møtedeltakarane, som må representera minst 2/3 av dei medlemmene som har stemmerett i laget, eller at vedtaket vert stadfesta på ekstraordinært årsmøte med 2/3 fleirtal av dei møtande. Det årsmøtet som gjer vedtak om oppløysing, vel eit avviklingsstyre. Blir laget oppløyst, skal all gjeld dekkjast, og resten av eiga vert delt på medlemmene etter omsetning siste 5 år.